


Hosøyvegen småbåthamn

Detaljregulering:
Gnr. 11, bnr. 135, Lindås kommune

Ard
arealplan



Bergen 2016



Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen

FORSLAGSTILLER SI
PLANSKILDING

Hosøyvegen småbåthamn


Gnr. 11, bnr.135

LINDÅS KOMMUNE

Plannr.: 1263 - 201513

Saksnr.: 15/3531

Sist revidert: 12.02.2016



Figur 1: Illustrasjonsplan.

INNHALD

1	Samandrag	6
2	Nøkkelopplysningar.....	6
3	Bakgrunn for planarbeidet	6
3.1	Bakgrunn	6
3.2	Intensjonen med planforslaget	6
4	Planprosessen.....	7
4.1	Varsling.....	7
4.2	Merknader i samband med varsling.....	7
5	Gjeldande planstatus.....	8
5.1	Fylkes(del)plan	8
5.2	Kommuneplan/kommunedelplan.....	8
5.3	Reguleringsplanar	9
5.4	Eventuelle temaplanar.....	10
5.5	Statlege planretningsliner (SPR) / Rikspolitiske retningsliner (RPL).....	10
6	Skildring av planområdet.....	12
6.1	Lokalisering.....	12
6.2	Avgrensing.....	12
6.3	Tilstøytande areal sitt bruk/status	13
6.4	Eksisterande bygningar	13
6.5	Topografi/landskapstrekk.....	14
6.6	Soltilhøve.....	14
6.7	Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve.....	14
6.8	Grøne interesser.....	16
6.9	Kulturminne.....	17
6.10	Veg og trafikktilhøve.....	17
6.11	Støy.....	17
6.12	Offentleg kommunikasjon/ kollektivdekning.....	17
6.13	Energi, vatn og avlaup.....	17
6.14	Privat og offentleg servicetilbod	18
6.15	Risiko.....	18
6.16	Privatrettslege bindingar	18
7	Utgreiing i hht. føreskrift om konsekvensutgreiingar	18
8	Skildring av planforslaget	19

8.1	Innleiing.....	19
8.2	Reguleringsføremål.....	20
8.3	Byggeføremål.....	20
8.4	Busetnad og anlegg.....	21
8.4.1	Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.....	21
8.5	Universell utforming.....	21
8.6	Leik/uteopphaldsareal.....	21
8.7	Parkering/garasje(r).....	21
8.8	Trafikkareal.....	21
8.8.1	Veg.....	21
8.8.2	Anna veggrunn.....	21
8.9	Støytiltak.....	21
8.10	Avfallshandtering/miljøstasjon.....	21
8.11	Risiko.....	21
8.12	Annet.....	22
9	Konsekvensar av planforslaget.....	23
9.1	Overordna planar og vedtak.....	23
9.1.1	RPR og andre overordna planar.....	23
9.1.2	Kommuneplan.....	23
9.1.3	Kommunedelplan.....	23
9.2	Eksisterande reguleringsplanar.....	23
9.3	Estetikk.....	23
9.4	Universell utforming.....	24
9.5	Konsekvensar for naboer.....	24
9.6	Trafikk- og parkeringstilhøve.....	24
9.7	Kulturminne.....	24
9.8	Friluftaktivitet, naturområde, born og unge sine interesser i nærmiljøet.....	24
9.9	Privat og offentleg servicetilbod.....	24
9.10	Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen.....	24
9.11	Infrastruktur.....	25
9.12	VA og energi.....	25
9.13	Naturmangfald.....	25
9.14	ROS-analyse.....	28
10	Merknadar.....	33

10.1	Samla merknadar	33
11	Forslagsstiller sin avsluttande kommentar	34

FIGURLISTE

Figur 1: Illustrasjonsplan.	1
Figur 2: Annonse for varsling i avis.	7
Figur 3: Utsnitt av kommuneplan for Lindås 2011-2023 (kjelde: Lindås kommune).	8
Figur 4: Temakart mellom anna for landskapstypar og omsynssone naturmiljø (kjelde: Lindås kommune).	9
Figur 5: Reguleringsplanar i området (kjelde: Nordhordlandskart).	9
Figur 6: Reguleringsplan for Hosøy. gnr. 11 bnr.21 og 80 (kjelde: Nordhordlandskart).	10
Figur 7: Planområde sin plassering i Lindås kommune (kjelde: Statens vegvesen).	12
Figur 8: Avgrensing av planområdet.	12
Figur 9: Oversikt over området (kjelde: Finn).	13
Figur 10: Hosøy sett frå fastlandet i aust (kjelde: Google maps).	13
Figur 11: Planområdet sett frå Hosøy, mot fastland.	14
Figur 12: Planområdet sett frå Langholmen, mot Hosøy.	14
Figur 13: Skjeret rett attmed planområde.	15
Figur 14: Artsdatakart frå område (kjelde: Artsdatabanken).	15
Figur 15: Båtplassar langs Hosøyvegen. Foto tatt frå Hosøy.	16
Figur 16: Bru mellom Valdaholmen (til venstre) og Grønholmen (til høgre).	16
Figur 17: Kvalitet på vatn. Planområdet vist med svart sirkel (kjelde: Miljøstatus).	16
Figur 18: Hosøyvegen. Til venstre, sett mot Hosøy. Til høgre, sett mot fastlandet.	17
Figur 19: Illustrasjonsplan.	19
Figur 20: Plankart.	20
Figur 21: Utsnitt av kommuneplan for Lindås 2011-2023 (kjelde: Lindås kommune). Den raude lina synar korleis småbåthamna er justert i planforslaget.	23

Der anna ikkje er nemnt, er illustrasjonar og foto frå Ard arealplan as.

VEDLEGG

- Planføresegner
- Plankart
- Illustrasjonsplan

1 SAMANDRAG

Planforslaget legg opp til etablering av ein småbåthamn i Hosøyvegen på Lindås, som kan byggjast ut i to trinn. Første trinn er etablering av 45 båtplassar med 15 tilhøyrande parkeringsplassar, og andre trinn er etablering av 30 båtplassar med 9 tilhøyrande parkeringsplassar. Slipp/båtopptrekk kan òg etablerast innanfor området. Småbåthamna er tenkt med tilkomst frå der kor det i dag er ein forbikøringslomme i Hosøyvegen. Ein har tenkt å fylla ut i sjø for å kunne etablere parkering i tilknytning til hamna. I småbåthamna tenker ein å leggje til rette med sitteplassar, brygge i tre, ein bod kor ein har moglegheit for å kopla til vatn og straum til hamna, samt skur som kan nyttast av båtfolk til lagring av for eksempel utstyr til fiske og båt. Det er planlagt å gjere kaiområdet ope for allmenta.

Ein vil justera noko på arealet som er avsett til småbåthamn i kommuneplanen. Ein vil leggja nokre båtplassar på innsida av arealet avsett til småbåthamn, mot Hosøyvegen. Slik unngår ein å trekke småbåthamna så langt mot nordvest som ein har moglegheit for i kommuneplanen, og såleis tek ein meir omsyn til hyttenaboane på den nærmaste knausen på Hosøy. Ein slik justering vil og kunne gje småbåthamna betre løye for vind og vêr.

2 NØKKELOPPLYSNINGAR

Område	Rødlandsosen
Gardsnr./bruksnr.	11/135
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	KPA: eksisterande og framtidig småbåthamn, og område i sjø har omsynssone for friluftsliv.
Forslagstillar	Stranda Båtforening
Grunneigar (sentrale)	11/135: matrikkel ikkje tinglyst
Plankonsulent	Ard arealplan as
Ny plans hovudføre mål	Småbåthamn
Planområdets størrelse i daa	Omlag 26,6 daa, og av dette er om lag 2 daa på land og resten sjøareal.
Tal på nye båtplassar	75 nye båtplassar
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgde o.l.)	Justering av areal avsett av til småbåthamn i KPA, klima (vind, havnivåstigning m.m.), trafikk
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	n
Konsekvensutgreiingspliktig (j/n)	n
Kunngjering oppstart, dato	02.12.2015
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte haldt (j/n)	n

3 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 BAKGRUNN

Stranda Båtforening ynskjer å etablere ein småbåthamn ved Hosøyvegen, i Lindås kommune. Bebuarane på strekningen mellom Askelandsvågen og Nesbø har i lang tid etterspurt hamnemoglegheiter for småbåtar. På innsida av Hosøyvegen, på nordsida, er det svært gode forhold for eit slikt anlegg. Sjølve veggen dannar ein slags molo mot vest og sør, Hosøy skjermar mot nord og Langholmen og fastlandet skjermar mot aust. Botnforholda er greie med djupna på om lag 8-20 meter.

3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Intensjonen med planforslaget er å lage ein detaljreguleringsplan som gjer det mogleg å anleggje ein småbåthamn med naudsynt infrastruktur.


4 PLANPROSESSEN

4.1 VARSLING

Planen vart varsla naboar og offentlege instansar med brev datert 30. november 2015, og i avisa Strilen tysdag 2. desember 2015. Frist for å kome med merknadar var 12. januar 2016.

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Hosøyvegen småbåthamn, gnr. 11, bnr. 135, Lindås kommune.



Stranda Båtforening er tiltakshavar.

Ard arealplan as er konsulent for reguleringsplanarbeidet.

Planområdet er på om lag 26,6 daa, og av dette er om lag 2 daa på land og resten i sjø. Arealet på land inngår i eigedom gnr. 11, bnr. 135, som er Hosøyvegen. Planområdet ligg langs Hosøyvegen, mellom Hosøy og holmane Langholmen og Storholmen. I gjeldande kommuneplan for Lindås er området avsett til eksisterande og framtidig småbåthamn, og område i sjø har omsynssone for friluftsliv.

Hensikta med planen er å gjera området tilrettelagt for småbåthamn med tilknytt parkering. Tilkomst vil vere frå Hosøyvegen som er ein kommunal veg, og ein har tenkt å fylla ut i sjø for å kunne etablere parkering. Ein vil vurderer ein justering av arealet som er avsett til småbåthamn i kommuneplanen, for å gi betre løye for vind og vær, samt for å få større avstand til hyttenaboane på Hosøy.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Innspel eller merknader som angår løysingar eller gjeld særlege behov kan sendast skriftleg til: Ard arealplan as, Nygårdsgaten 114, 5008 Bergen, eller e-post: post@ardarealplan.no

Frist for merknader er satt til 12. januar 2016.

Meir informasjon kan du få ved å kontakte Ard arealplan as på tlf. 55 31 95 00

Ard
arealplan

Figur 2: Annonse for varsling i avis.

4.2 MERKNADER I SAMBAND MED VARSLING

I samband med varslinga kom det inn 5 merknader, alle frå offentlege instansar. Desse at attgjeve og kommentert av planleggjar i kapittel 10.


5 GJELDANDE PLANSTATUS

5.1 FYLKES(DEL)PLAN

- Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008
- Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland, 2001-2004
- Fylkesdelplan for kulturminne, 1998-2010
- Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv - Aktiv kvar dag - 2008-2012
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - Fleire gode leveår for alle
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030


5.2 KOMMUNEPLAN/KOMMUNDEDELPLAN

Kommuneplan for Lindås 2011-2023 vart vedtatt 22.09.2011. Området er i kommuneplanen avsett til eksisterande og framtidig småbåthamn (S5). Føresegn i kommuneplanen, seier at ein ved utarbeiding av reguleringsplan for S5 skal gjera ei særskild vurdering av vindtilhøva, jf. ROS-analysen. Det skal planleggjast slik at bygg og anlegg ikkje tek unødig skade av sterk vind. For småbåthamnar er det krav om minimum 1 parkeringsplass per 4. båt plass og maksimum 1 parkeringsplass per 3. båt plass. Område i sjø har omsynssone for friluftsliv H530_oF04, som er ein sone kor friluftsliv skal ha særskilt vern, og kor friluftsliv skal takast omsyn til ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak.



Figur 3: Utsnitt av kommuneplan for Lindås 2011-2023 (kjelde: Lindås kommune).


I temakart mellom anna for landskapstypar og omsynssone naturmiljø, er Hindnesfjorden avmerkt som LT21-02, område for "middels brede fjordløp". Ein holme søraust for planområdet er avmerkt som H560-N122 (bevaring naturmiljø), yngleområde for sjøfugl. Nord for planområdet, er Austfjorden avmerkt som LT21-01, område for «brede fjordløp og fjordmøter». Det er og fleire holmar for bevaring av naturmiljø nord for planområdet. (H560-N123-127), som alle er yngleområder for sjøfugl.



Figur 4: Temakart mellom anna for landskapstypar og omsynssone naturmiljø (kjelde: Lindås kommune).

5.3 REGULERINGSPANAR

Det er meldt oppstart av ein reguleringsplan aust for planområde på fastlandet, og det er ein vedtatt reguleringsplan på Hosøy rett nord for planområde.




Figur 5: Reguleringsplanar i området (kjelde: Nordhordlandkart).

På Sjørneset er det tenk

t å regulera frå bustad/naust/LNR/spredt bustadbygging til bustadområde for 15 einebustader, 16 naust og 4 rorbuar (næring).

På Hosøy er det regulert for 1 eksisterande hytte, og 5 nye hyttar med tilhøyrande naust, samt skogbruk. I dag er det berre ein av dei regulerte hyttetomtane som det ikkje er bygd på.



Figur 6: Reguleringsplan for Hosøy. gnr. 11 bnr.21 og 80 (kjelde: Nordhordlandkart).

5.4 EVENTUELLE TEMAPLANAR

- Kommunedelplan for Klima og energi 2010-2020, Lindås kommune
- Bygnings- og utemiljø i Lindås, rapport, 2009

5.5 STATLEGE PLANRETNINGSLINER (SPR) / RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER (RPL)

- SPR for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- SPR for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- RPL for å styrke barn og unges interesser i planlegginga

Målet for dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er at planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafiksikkerheit og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettstader, leggja til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremma helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremma utvikling av kompakte byar og tettstader, redusera transportbehovet og leggja til rette for klima- og miljøvennlege transportformar. I høve til klimaforliket er det eit mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. Planlegginga skal leggja til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i områder med press på bustadmarknaden, med vekt på gode regionale løysingar på tvers av kommunegrensene.

Føremålet med dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen er å tydeliggjera nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen, jfr. forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen i § 1-8 i plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 (plan- og bygningsloven). Det skal gjennomførast ein sterkare geografisk differensiering, der vernet vert gjort strengast i sentrale områder der presset på areala er stort.

Formålet med dei rikspolitiske retningslinene for å styrke barn og unges interesser i planlegginga er

a. Synleggjere og styrka barn og unges interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova.

b. Gje kommunane betre grunnlag for å integrera og ivareta barn og unges interesser i sin løypande planlegging og byggesakshandsaming.


c. Gje eit grunnlag for å vurdere sakar der barn og unges interesser kjem i konflikt med andre omsyn/interesser.

6 SKILDRING AV PLANOMRÅDET

6.1 LOKALISERING

Planområdet ligg rett sør for Hosøy, i Rødlandsosen, i Lindås kommune. Sør for planområde ligg Hindnesfjorden, og nord for planområdet ligg Austfjorden. For å nå området tek ein av frå E39 ved Ostereidet og køyrer omtrent 8,5 kilometer nordover på fylkesveg 394 Stranda. Deretter tek ein av fylkesvegen mot nordvest, og køyrer vidare på den kommunale Hosøyvegen til en nær planområdet.

Side | 12




Figur 7: Planområde sin plassering i Lindås kommune (kjelde: Statens vegvesen).

6.2 AVGRENSING

Planen tar med seg ein del av eigedomen gnr.11, bnr.135, som er Hosøyvegen. Hovudarealet ligg i sjø, og her har ein tatt utgangspunkt i småbåthamna som er avsett i kommuneplanen og gjort nokre justeringar.

Planområdet er på om lag 26,6 daa, og av dette er om lag 2 daa på land og resten sjøareal.




Figur 8: Avgrensing av planområdet.

6.3 TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS

Planområdet grensar til sjø og til vegareal. Hosøy i nord består i hovudsak av hyttetomtar med naust og friareal. Søraust for planområdet ligg fleire holmar, som er knytt til land via Hosøyvegen. Holmane heiter Grønholmen, Vadlaholmen, Langholmen, Kultholmen og Storholmen. Holmane er delvis bygd ut med parkeringsplassar, hyttar, og kai- og bryggeområdar. Det er fleire einslege båt plassar i området, inntil holmane og vegene.

Side | 13



Figur 9: Oversikt over området (kjelde: Finn).



Figur 10: Hosøy sett frå fastlandet i aust (kjelde: Google maps).

6.4 EKSISTERANDE BYGNINGAR

Ingen. Det ligg to flytebryggar innanfor planområdet, som nyttast til båt plassar.

6.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK

Planområdet ligg i Rødlandsosen. Hosøyvegen binder saman fastlandet med Hosøy. Området er definert som eit middels breitt fjordlaup, i temakart til kommuneplanen. Nord for planområdet er Austfjorden avmerkt som område for «brede fjordløp og fjordmøter». Sør for planområde ligg Hindnesfjorden.



Side | 14

Figur 11: Planområdet sett frå Hosøy, mot fastland.



Figur 12: Planområdet sett frå Langholmen, mot Hosøy.

6.6 SOLTILHØVE

Planområdet har gode forhold i høve til sol, då terrenget er ope.

6.7 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURTILHØVE

Søraust for planområdet, på holmen Auso som er definert i temakart til kommuneplanen som yngleområde for sjøfugl kor naturmiljø skal bevarast, finnes det artar som er registrert i artsdatabanken. Artsdatabanken er ein


nasjonal kunnskapsbank for naturmangfold. På holmen vart det i 2015 registrert to makrellterner, som er i kategori sterkt trua (EN), og i 2009 vart det registrert tretten fiskemåkar som er i kategori nær trua (NT) i Norsk Raudliste for arter. Andre artar frå Norsk Raudliste for arter som er observert her er tjeld, svartbak, gråmåke og storskarv, og alle desse er definert som livskraftige (LC). Norsk Raudliste for arter er ein oversikt over artar som kan ha ein risiko for å døy ut frå Noreg. Det vart i 2009 registrert to kanadagjæser som er i kategori svært høg risiko (SE) i Fremmande artar i Noreg - med norsk svarteliste 2012. Framande artar er artar som er spreidd ved hjelp av menneskeleg aktivitet til områder der dei ikkje høyrer naturleg heime. Nokre av dei er ein trussel mot naturmangfaldet i Noreg. Det er om lag 550 meter i luftline frå holmen Auso til den planlagde småbåthamna.

Reitt attmed planområdet, på eit skjer som delvis er synleg, vart det i 2011 registrert to makrellterner, som er i kategori sterkt trua (EN) i Norsk Raudliste for arter. Det vart også observert ein havsule her i 2014. Det er om lag 20 meter frå skjeret til Hosøyvegen.

Det er ikkje avdekka andre viktige natur- eller dyreliv i nærleik til planområdet.



Figur 13: Skjeret rett attmed planområde.



Figur 14: Artsdatakart frå område (kjelde: Artsdatabanken).

6.8 GRØNE INTERESSER

Område i sjø har i kommuneplanen omsynssone for friluftsliv, som er ein sone kor friluftsliv skal ha særskilt vern, og kor friluftsliv skal takast omsyn til ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak.

Rødlandsosen vert nytta av båtar for gjennomkøring mellom Hindnesfjorden og Austfjorden. Det er ein bru mellom Vadlaholmen og Grønholmen. Holmane i området vert nytta til rekreasjon og ein del folk kjem hit for å bada på fine dagar. Det er nokon båt plassar langs Hosøyvegen og inntil holmane i området.

Side | 16


Vatnet i fjorden har antatt dårleg kvalitet (sjå figur 17).



Figur 15: Båt plassar langs Hosøyvegen. Foto tatt frå Hosøy.



Figur 16: Bru mellom Valdaholmen (til venstre) og Grønholmen (til høgre).



Figur 17: Kvalitet på vatn. Planområdet vist med svart sirkel (kjelde: Miljøstatus).

6.9 KULTURMINNE

Det er ingen kjente kulturminner i området. Før i tida var det ikkje vegtilkomst til Hosøy. Det er uvisst korti Hosøyvegen vart bygd, men ut ifrå byggjetechnik ser den ikkje særns gamal ut. Vegen er lagt på ein steinfylling, og murt opp med betongmur på vegskuldrane.

6.10 VEG OG TRAFIKKTILHØVE

Hosøyvegen er ein kommunal veg med fartsgrense 50 km/t. Vegen går frå fylkesveg 394 Stranda i aust, og delvis på holmar og delvis på fylling ut til Hosøy. Fyllingen er av stein, og vegen er anlagt med betongkant på vegskuldrane. Vegen er rundt 3,5 meter brei, og har ikkje noko tilbod til mjuke trafikantar. Det er ein lomme på strekningen, som kan nyttast til møteplass. Mellom Vadlaholmen og Grønholmen er det ein bru, kor båtar kan køyre under.

Fylkesveg 394 Stranda er registrert med ÅDT 300 sør for krysset med Hosøyvegen, og ÅDT 150 nord for krysset med Hosøyvegen (tall frå 2014, Statens vegvesen). ÅDT er forkorting for årsdøgntrafikk og er eit gjennomsnittstall for dagleg trafikkmengde. Fylkesvegen går frå E39 Osterfjordvegen, om lag 8 km sør for krysset med Hosøyvegen, til om lag 3,5 km etter krysset med Hosøyvegen mot nordaust. Der stansar den i ein blindveg på Nesbø kai ved Gjeldsvikvågen.

Det er omtrent 20 bustadar knytt til Hosøyvegen på fastlandet. Omtrent halvparten av desse bustadane har ikkje vegtilkomst, så ein kan anta at desse er fritidsbustader.

På Hosøy er det rundt 23 bustadar, og ein antar at dei aller fleste er fritidsbustader. Ikkje alle har veg frem til tomten. På bakgrunn av at ein antar at dei fleste bygga her er fritidsbustader, kan ein anta at det stort sett er trafikk ut til Hosøy i helgane, og at hytteeigarane då køyrer ut på fredag og heim igjen på søndag. I tillegg er det nok ein del som nyttar Hosøy til rekreasjons- og turområde. Samla betyr dette at det er minimalt med trafikk ut til Hosøy.



Figur 18: Hosøyvegen. Til venstre, sett mot Hosøy. Til høgre, sett mot fastlandet.

Det er ingen registrert ulykker på Hosøyvegen. Det er to registrert ulykker på fylkesveg 394 Stranda, i nærleiken av planområdet. Den eine ulykka inntraff i 2007, om lag 250 meter sør for krysset med Hosøyvegen, og var ein utforkøyring med lett motorsykkel. Den andre ulykka inntraff i år 2000 om lag 600 meter nord for krysset med Hosøyvegen, og var ein møteulykke mellom ein personbil og ein moped.

6.11 STØY

Vegtrafikkstøy er ikkje eit problem i planområdet, då det er minimalt med biltrafikk.

6.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Busstilbodet er svært avgrensa nær planområdet. Det går buss på fylkesveg 394 Stranda, og det er busshaldeplass rett ved krysset med Hosøyvegen 850 meter ifrå planområdet. Bussruta 351 går på strekningen, med 5 avgangar per dag, til Ostereidet senter ved E39. Frå Ostereidet senter til busshaldeplassen ved Hosøyvegen går det 8 avgangar per dag.

6.13 ENERGI, VATN OG AVLAUP

Det går ein luftline nordaust for planområdet, frå fastlandet og ut på Hosøy. Lina går via Storholmen og ytst på Langholmen og til neset som ligg sør for hamna på Hosøy.

6.14 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Ostereidet er nærmaste plass for lokalservice til planområdet, og her finn ein daglegvarer, drivstoff og postteneste. Desse tilboda ligg på Ostereidet, omtrent 9 km og 14 minutt køyretur unna.

Knarvik senter er regionsenter for Nordhordland, og ligg i Knarvik. Her er det politi, legevakt, alle offentlege funksjonar og alt du treng innan handel og service. Knarvik senter er omtrent 28 km og 31 minutt køyretur unna.

6.15 RISIKO

Det er ein generell risiko i samband med havnivåstigning og springflo i kystsonar. I år 2050 relativt år 2000, har Lindås en berekna havstigning (usikkerhet -8 til +14 cm) på 23 cm (15-37 cm), og 100 års stormflo (usikkerhet -8 til +14 cm) på 186 cm (178-200 cm). I år 2100 relativt år 2000, har Lindås en beregnet havstigning (usikkerhet -20 til +35 cm) på 73 cm (53-108 cm), og 100 års stormflo (usikkerhet -20 til +35 cm) på 241 cm (221-276 cm). *Kjelde: rapporten «Havnivåstigning, estimer av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner» (utgitt av Det nasjonale klimatilpasningssekretariatet ved Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, september 2009).*

Vind er òg ein generell risiko i kyststrøk.

Det går ein 22 kV høgspenningsline i luft over til Hosøy, nordaust for planområdet.

6.16 PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Ingen kjente.

7 UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVENSGREIINGAR

Føremålet med ein konsekvensutgreiing er å sikre at det vert lagt vekt på omsynet til miljø og samfunn i planarbeidet. Konsekvensutgreiinga skal nyttast som verktøy når det skal avgjerast om, og etter kva slags krav, planar eller handlingar denne skal gjennomførast. Det er opp til forslagstillar sjølv å vurdere om planforslaget kjem inn under føreskriftens verkeområde.

For detaljregulering som ikkje føl hovudtrekka og rammene i kommuneplanens arealdel, skal ein gjennomføra konsekvensutgreiing (Pbl. §12-3, tredje ledd). Ein meiner at dette planarbeidet i hovudsak er i tråd med hovudtrekka og rammene i kommuneplanens arealdel. Det skal vurderast ein liten justering av byggegrensa mot sjø, og ein mindre utviding av bustadareal og småbåthamnareal, men dette er bare mindre justeringar.

Planen er vurdert etter føreskrift om konsekvensutgreiing. Planarbeidet kjem ikkje inn under § 2 Planer som alltid skal handsamast etter føreskrifta. Ein har vurdert at planarbeidet heller ikkje kjem inn under § 3 Planer som skal vurderast nærmare. Dette er fordi ein meiner at konsekvensane av det konkrete tiltaket er tilfredsstillande utgreidd på overordna plannivå, når kommuneplanen vart utarbeidd. Sjølv om ein vil vurdere ein liten justering av byggegrensa mot sjø og ein mindre utviding av bustadareal og småbåthamnareal, meiner ein at desse grepa er av mindre vesentleg karakter. Det er vurdert at planen ikkje vil ha vesentlege verknad for miljø og samfunn.


8 SKILDRING AV PLANFORSLAGET

8.1 INNLEIING

Planforslaget legg opp til etablering av ein småbåthamn i Hosøyvegen på Lindås, som kan byggjast ut i to trinn. Fyste trinn er etablering av 45 båtplassar med 15 tilhøyrande parkeringsplassar, og andre trinn er etablering av 30 båtplassar med 9 tilhøyrande parkeringsplassar. Slipp/båtopptrekk kan òg etablerast innanfor området. Småbåthamna er tenkt med tilkomst frå der kor det i dag er ein forbikøringslomme i Hosøyvegen. Ein har tenkt å fylla ut i sjø for å kunne etablere parkering i tilknytning til hamna. I småbåthamna tenker ein å leggje til rette med sitteplassar, brygge i tre, ein bod kor ein har moglegheit for å koplå til vatn og straum til hamna, samt skur som kan nyttast av båtfolk til lagring av for eksempel utstyr til fiske og båt. Det er planlagt å gjere kaiområdet ope for allmenta.

Side | 19

Ein vil justera noko på arealet som er avsett til småbåthamn i kommuneplanen. Ein vil leggja nokre båtplassar på innsida av arealet avsett til småbåthamna, mot Hosøyvegen. Slik unngår ein å trekke småbåthamna så langt mot nordvest som ein har moglegheit for i kommuneplanen, og såleis tek ein meir omsyn til hyttenaboane på den nærmaste knausen på Hosøy. Ein slik justering vil og kunne gje småbåthamna betre løyve for vind og vêr.



Figur 19: Illustrasjonsplan.

8.2 REGULERINGSFØREMÅL

Føremål		Totalt areal
Busetnad og anlegg		
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	BBS	820,6 m ²
		820,6 m ²
Samferdsel og teknisk infrastruktur		
Veg	o_SV1	860,0 m ²
	f_SV2	31,3 m ²
Anna veggrunn - tekniske anlegg	o_SVT1	623,1 m ²
	o_SVT2	391,7 m ²
	o_SVT3	165,5 m ²
Parkeringsplassar	SPP	1220,2 m ²
		3291,8 m ²
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone		
Småbåthamn	VS	5102,8 m ²
Naturområde i sjø og vassdrag	VNV	17413,7 m ²
		22516,4 m ²
Totalt		26628,8 m²

Side | 20



Figur 20: Plankart.

8.3 BYGGEFØREMÅL

Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BBS)
Areal	820,6 m ²
Byggehøgde	Maks ein etasje.
BYA	70 m ²
Reguleringsføremål	Småbåthamn (VS)
Areal	5102,8 m ²
Båtplassar	75 stk
Parkeringsplassar	1 per 4. båt plass - 1 per 3. båt plass = 18-25 totalt

8.4 BUSETNAD OG ANLEGG

8.4.1 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner

BBS er eit område i sjø kor det er tillate å fylla ut og anlegga brygge, slipp/båtopptrekk, samt å sette opp ein bod og mindre skur i forbindelse med småbåtanlegg. Arealet ligg i dag i sjø, men er delvis grunt. BBS har tillate utnytting på BYA=70 m² og maksimal ein etasje. Det er lagt til ein byggegrense som avgrensar byggeområdet til eit areal på om lag 200 m². Dette arealet ligg i nærleiken til dei planlagde flytebyggene. Boden skal vere enkeltstående og kan nyttast til blant anna vatn- og straumtilkopling for småbåthamna. Skura kan etablerast enkeltstående eller i rekke/-r.

8.5 UNIVERSELL UTFORMING

Det vil verta enkelt å ta seg rundt på kaianlegget, då alt vil vere i same høgd. Det er planlagt for at minimum 10 % av parkeringsplassane skal vere utforma for rørslehemma.

8.6 LEIK/UTEOPPHALDSAREAL

Ikkje aktuelt.

8.7 PARKERING/GARASJE(R)

Det vert lagt opp til ein parkeringsplass (SPP) som skal vere for småbåthamna, med tilkomst frå Hosøyvegen (SV2). Det er lagt til rette for parkering i samsvar med kommuneplanen. Ut i frå kommuneplanen skal det vere mellom 18 og 25 plassar for å tena småbåthamna. På SPP er det plass til omtrent 24 parkeringsplassar.

	Minimumskrav etter kommuneplanen	Maksimumskrav etter kommuneplanen	Båtplassar, mengde	Totalt (min - maks)
Småbåthamn (trinn 1)	1 plass per 4.båtplass	1 plass per 3.båtplass	45 stykk	11-15
Småbåthamn (trinn 2)	1 plass per 4.båtplass	1 plass per 3.båtplass	30 stykk	7-10
Totalt			75	18-25

8.8 TRAFIKKAREAL

8.8.1 Veg

Planforslaget inneheld to vegar. O_SV1 er den kommunale tilkomstvegen Hosøyvegen, som knyter området til fastlandet og til fylkesveg 394 Stranda. Vegen o_SV1 er regulert etter dagens standard, som er omtrent 3,5 meter i breidda. Avkjørselen til småbåthamna er regulert med eit eige vegformål (SV2). Frisikt ut frå SV2 er regulert etter handbok N100 (Statens vegvesen), med 4x54 m. Inne på parkeringsplassen, i enden av parkeringsplassen vil det vere mogleg å snu for personbilar.

Staden kor avkøyring til småbåthamna er planlagt, ligg det i dag ein forbikøyringslomme. Denne funksjonen vert ivarettatt i planforslaget, med at ein kan nytta avkøyrsla SV2 som forbikøyringslomme.

8.8.2 Anna veggrunn

Det er satt av eit areal langs Hosøyvegen til anna veggrunn. Dette er areal kor det i dag er steinfylling.

8.9 STØYTILTAK

Det er ikkje avdekt støykjelder som krev tiltak i planarbeidet.

8.10 AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON

Før det vert gjeve ferdigattest for småbåthamn, skal avfall og overskotsmateriale frå etableringa vere transportert til godkjent fyllplass. Det skal etablerast ein felles avfallsløysing for brukarane av anlegget. NGIR hentar boss i Lindås. Planområdet ligg i bossrute sone 5.

8.11 RISIKO

Det er ein generell risiko i samband med havnivåstigning og springflo i kystsonar. Dagens forbikøyringslomme/framtidig avkøyrsla ligg på omtrent høgd k+1,26 m, og dersom parkeringsplassen SPP skal

ligge i omtrent same høgd, vil område ligga under maks-grensa for 100 års stormflo i Lindås. I år 2050 relativt år 2000, vil ein 100 års stormflo (usikkerhet -8 til +14 cm) vere på 186 cm (178-200 cm), og i år 2100 relativt år 2000, vil ein 100 års stormflo (usikkerhet -20 til +35 cm) vere på 241 cm (221-276 cm). Det er lagt til ein føresegn som sikrar at ved nye tiltak skal planlegging og utbygging verta vurdert utført med avbøtande tiltak slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av høg vasstand.

Utbyggar bør ta omsyn til faren for vindpåkjenningar utanom det normale, ved detaljplanlegging og val av løysingar og materiale, og minimera risikoen der det er mogleg.

Ein småbåthamn kan ha risiko knytt til fare for brann- og eksplosjon, forureining av grunn og sjø som følgje av miljøfarlege stoffar som ikkje vert fanga opp ved vask og vedlikehald av båt.

8.12 ANNET

Eit areal i sjø er avsett til småbåthamn. Her kan det etablerast opp til 75 båtplassar.

9 KONSEKVENSNAR AV PLANFORSLAGET

9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK


9.1.1 RPR og andre overordna planar

Planforslaget er i høve til overordna retningslinjer og regionale planar.

Side | 23

9.1.2 Kommuneplan

Område for småbåthamna er i hovudsak i høve til kommuneplanens arealdel (KPA), men området er justert noko. Ein har justert arealet som er avsett til småbåthamn i kommuneplanen, ved å legge nokon båtplassar på innsida av småbåthamna, mot Hosøyvegen. Slik unngår ein å trekke småbåthamna så langt mot nordvest som ein har moglegheit for i kommuneplanen, og såleis tek ein betre omsyn til hyttenaboane på den nærmaste knausen på Hosøy. Ein slik justering vil og kunne gje småbåthamna betre løye for vind og vêr.



Figur 21: Utsnitt av kommuneplan for Lindås 2011-2023 (kjelde: Lindås kommune). Den raude linja synar korleis småbåthamna er justert i planforslaget.

9.1.3 Kommunedelplan

Ikkje aktuelt.

9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

Ikkje aktuelt.

9.3 ESTETIKK

Planområdet ligg noko skjerma. Hosøyvegen ligg sørvest for planområdet og hindrar direkte innsyn til småbåthamna frå Hindnesfjorden og frå fastlandet i sør og vest. Småbåthamna ligg relativt tett opptil Hosøy i nord, og holmane og fastlandet i aust. Då området ikkje verkar særst ope i dag, vil tiltaket ikkje verke som eit dominerande framandelement i eit ope landskapet. Området verkar heller ikkje som urørt. Hosøyvegen er allereie eit tiltak som er bygd i landskapet, og bustad- og fritidseigedomar er bygd heilt ned til sjøkanten på Hosøy, fastlandet og delvis på Langholmen. Det er fleire bryggar og båtplassar i området. Ettersom planområdet ligg i Rødlandsosen, vil tiltaka gje lite innverknad på opplevinga av dei store fjordløpa i Hindnesfjorden og Austfjorden.

Det er sikra at bod og skur maksimalt kan oppførast i ein etasje, skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°, og at bygga skal oppførast i tre. Det er òg sikra at avslutning i hamneområdet mot sjø skal vera rette murar/trekai eller ha anna god estetisk utforming.

9.4 UNIVERSELL UTFORMING

Det vil vere lett å ta seg fram på store delar av kaiområdet BBS og parkeringsplassen SPP, ettersom areala vert planert og det vert tilrettelagt med parkeringsplassar her. Rundt parkeringsarealet skal det leggjast til rette for ein trebrygge med sitteplassar, som kan vere eit tilbod også for dei som ikkje har båt plass her. Å koma seg frå parkeringsplassen til trebryggen vil vere enkelt, då dei skal ligge i same høgd.

9.5 KONSEKVENSA FOR NABOER

Naboar vil mest verta påverka av at det vert oppført ein småbåthamn i eit landskap som i dag i stor grad ligg som urørt sjøareal. Småbåthamna vert eit nytt element i Rødlandsosen. Det er nok fleire av bebuarane og hytteeigarane som vil nytta seg av småbåthamna og såleis vil det vere eit godt tilskot til område.

Det er planlagt å gjere kaiområdet ope for allmenta, noko som vil vere eit positivt tilskot til område, både for folk som bur og har fritidsbustad her.

Det vil verta auka trafikk på Hosøyvegen, særleg på finversdagar. I høve til kommuneplanen skal det settast av 18-25 parkeringsplassar. Ein kan då rekna med at maksimal ÅDT vert på 18-25 parkeringsplassar x 2 turar per dag = 36-50 køyreturar per dag/ÅDT. Dette kan føra til ein omtrentleg dobling av trafikken på Hosøyvegen på finversdagar, når både båtfolk og hyttefolk nyttar veggen. Med maksimal bruk vil veggen framleis ha lite trafikk.

9.6 TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE

Det er lite trafikk på Hosøyvegen og veggen er særers oversiktleg. Forbikøyringslomma/avkøyrsla ligg omtrent midt på strekinga, og dersom ein bilist ser eit køyretøy koma imot han på Hosøyvegen, vil han venta her slik at køyretøyet enkelt kan passera. Det er og moglegheit for forbikøyring på Grønholmen.

Hosøyvegen er 3,5 meter brei, og ein bil er om lag 1,8 meter brei. Det vil vere mogleg for ein bil å passera ein gåande (0,7 meter brei), ein syklande (0,75 meter brei) eller ein rullestol (0,9 meter brei) på Hosøyvegen med klarering. Det er ikkje eit eige tilbod til mjuke trafikantar, men då veggen er særers oversiktleg og lite trafikkert meiner ein at standarden er tilstrekkeleg. Bilar vil kunne bremsa ned i god tid om dei ser mjuke trafikantar, og då det er lite biltrafikk her vil veggen i stor grad vere ledig for mjuke trafikantar i heile sin breidde.

På grunnlag av vurderinga over, har ein vurdert at det er akseptabelt å behalda dagens standard på veggen. Eit anna moment er at veggen er anlagt på ein steinfylling i sjø, utan eit naturleg sideanlegg kor det enkelt kan gjørast utviding.

9.7 KULTURMINNE

Ingen kjente.

9.8 FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Det vil fortsatt vere god plass i Rødlandsosen for gjennomkøyring for båtar mellom Hindnesfjorden og Austfjorden.

To eksisterande enkeltståande båt plassar langs Hosøyvegen vil måtte fjernast.

Holmane i området kan framleis nyttast til rekreasjon og bading. Trebrygga på småbåthamna kan verta eit tilskot til denne aktiviteten.

9.9 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Ein antar at dei fleste vil nytte bil til småbåthamna og ikkje buss, då kollektivtilbodet er særers avgrensa.

9.10 JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSA FOR KOMMUNEN

Ingen kjente. Det er ikkje regulert nye offentlege areal, utanom Hosøyvegen som allereie er opparbeidd.

9.11 INFRASTRUKTUR

Det er ikkje satt rekkjefølgjekrav til opparbeiding av Hosøyvegen, då ein regulerer til dagens situasjon. Avkøyrsla (SV2) er det knytt rekkjefølgjekrav til.

9.12 VA OG ENERGI

Planforslaget kjem ikkje i konflikt med luftlina, då denne går aust for planområdet. Ein har tenkt å kopla seg på med strøm til anlegget.

9.13 NATURMANGFALD

Naturmangfaldslova og prioriterte artar

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld 26 (2006 - 2007)). Tiltaket er vurdert ut frå krava i kapittel II i Naturmangfaldslova, med særleg omsyn til prinsippa i følgjande heimlar:

§ 8: Kunnskapsgrunnlaget.

§ 9: Førre-var-prinsippet.

§ 10: Økosystemtilnærming og samla belastning.

§ 11: Tiltakshavar betaler.

§ 12: Miljøforsvarlege teknikkar.

Området er i kommuneplanen avsett til eksisterande og framtidig småbåthamn (S5), og område i sjø har omsynssone for friluftsliv (H530_oF04). Ved utarbeiding av reguleringsplan for S5 skal gjera ei særskild vurdering av vindtilhøva, jf. ROS-analysen, og det skal planleggjast slik at bygg og anlegg ikkje tek unødige skade av sterk vind. I omsynssona for friluftsliv skal friluftsliv ha særskilt vern, og takast omsyn til ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak.

Vurdering etter §8 Kunnskapsgrunnlaget:

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags landskap, økosystem, naturtypar eller arter vert råka av planen?	Planområde ligg i hovudsak i sjø. Der ein planlegg å anleggje kaiområde med parkering er det delvis grunt. Planområde er i kommuneplanen definert som ein del av Hindnesfjorden som er avmerkt som eit område for "middels brede fjordløp". På eit skjer rett attmed planområdet vart det i 2011 registrert makrellterne, som er i kategori sterkt trua. På ein holme om lag 550 m søraust for planområdet er det yngleområde for sjøfugl. Her er det registrert makrellterne (i kategori sterkt trua) og fiskemåke (i kategori nær trua). Kanadagås er òg registrert her, som er i kategori svært høg risiko på Svartlista.
Kva slags effekt vil planen ha på landskap, økosystem, naturtypar og arter?	Ein ny småbåthamn vil endre landskapet, sett frå sjøen og land. Planområdet ligg ikkje særleg eksponert til i landskapet. Fleire båtar og bilar til området kan gje auka støy, noko som kan vere forstyrrende for fuglar som held til i nærområdet. Fuglane er i midlertidig vane til aktivitet, då det er eksisterande trafikk her i dag, og dei fins mange holmar og skjer i nærområdet. Ein båthamn kan gje forureining i nærområdet, dersom ikkje dei rette forhandsreglane vert tatt. Det er lagt til føresegn om at det skal utarbeidast rutinar for handtering av oljer og anna miljøfarleg avfall.
Korleis er tilstanden for landskapet, økosystem og utviklinga i tal på lokalitetar av naturtypane og bestandene på landsbasis og på staden?	Vatnkvaliteten i område er antatt dårleg kvalitet, i følgje www.miljostatus.no .

Føreligg det faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet?	Ein er ikkje kjend med at det føreligg faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i planområdet.
Føreligg det erfaringsbasert kunnskap (frå lokalsamfunnet, kommunar og andre myndigheiter) om det aktuelle planområdet?	Føreligg ingen særskild erfaringsbasert kunnskap som ein er kjend med om planområdet.
Vil planen påverke truga og nært truga arter på Norsk raudliste for arter 2015?	Det vart i 2015 registrert 2 makrellterner (sterkt trua) og i 2009 vart det registrert 13 fiskemåkar (nær trua) på holmen Auso som ligg om lag 550 meter søraust for planområde. På eit skjer rett attmed planområdet, om lag 20 meter sørvest for Hosøyvegen, vart det i 2011 registrert 2 makrellterner (sterkt trua). Ein går ut ifrå at planen ikkje vil påverke artane. Auso ligg eit godt stykke ifrå, og skjeret ligg på motsett side av Hosøyvegen frå planområde.
Vil planen påverke utvalde naturtypar eller prioriterte arter?	Vil ikkje påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar.
Vil planen påverke verneområder, nærområda til verneområder, marint beskytta områder eller verna vassdrag (jf. verneplan for vassdrag)?	Vil ikkje påverke verneområder, nærområda til verneområder, marint beskytta områder eller verna vassdrag.
Vil planen påverke tilstanden i sjø eller vassførekomstar?	Det vil verta etablert ein småbåthamn, og det vil vere ein generell risiko for lekkasje av miljøfarlege stoff og liknande frå båtane ved vask og vedlikehald. Det er lagt til føresegn om at det skal utarbeidast rutinar for handtering av oljer og anna miljøfarleg avfall.
Vil planen påverke utvalde kulturlandskap?	Området er ikkje eit utvalt kulturlandskap.
Vil planen påverke miljøregistreringar i skog?	Planen vil ikkje påverke miljøregistreringar i skog.
Vil planen påverke inngrepsfrie naturområde (INON)?	Planen vil ikkje påverke inngrepsfrie naturområde (INON).
Vil planen påverke område eller naturtypar som er spesielt verdfulle for naturmangfald?	Det er ikkje kjent at planen vil påverke område eller naturtypar som er spesielt verdfulle for naturmangfald.

Vurdering etter § 9 Føre-var-prinsippet:

Sentrale tema	Vurdering
Veit ein nok om landskap, økosystem, naturtypar og artar, og om kva slags verknadar det aktuelle tiltaket har for desse?	Ja, tilstrekkeleg kunnskap føreligg.
Er det sannsynleg at tiltaket vil medføre vesentleg (alvorleg eller irreversibel) skade på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Det vil verta utfylling i sjø for å anleggja parkeringsplassar og båtslipp. Dette vil verta anlagt i tilknytning til Hosøyvegen som allereie er etablert som eit inngrep i landskapet då vegen er lagt på ein steinfylling ut til Hosøy. Flytebyggene til båtplassane, er ikkje irreversible tiltak. Samla vil tiltaket verta eit nytt element i landskapet, men landskapet er såpass ope og luftig, at det ikkje vil stenga igjen verken for ferdsel eller estetisk. Planområdet ligg ikkje særleg eksponert til i landskapet.

Vurdering etter § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags eksisterande tiltak eller bruk utgjer ei påverking på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Det er i dag etablert enkelte båtplassar i planområdet, og området vert nytta som ferdselsområde for båtar. Ein kan ikkje sjå at denne bruken har noko nemneverdig påverking på landskap, økosystem, naturtypar og artar.
Kva slags framtidige tiltak og bruk i landskapet eller økosystemet som ein har oversikt over kan utgjere ei påverking på naturtypar og artar?	Småbåthamn vil føra til meir trafikk til område, både på land og i sjø, som kan gje meir støy og forureining i sjø. Det er lagt til føresegn om at det skal utarbeidast rutinar for handtering av oljer og anna miljøfarleg avfall.
Kva vil den samla belastninga (effekten) av planen eller tiltaket være, det vil seie	Den samla belastninga av planen vil vere middels. Planområdet ligg ikkje eksponert til i landskapet,

eksisterande tiltak og bruk, planforslaget og framtidige tiltak og bruk?	slik at utfyllinga vil ikkje verta dominerande i landskapet. Området er allereie i dag i bruk til båt- og biltrafikk. Området er avsett til småbåthamn i kommuneplanen, og er dermed vurdert på overordna nivå. Det er gjort ein mindre justering av grensa for småbåthamn, men denne justeringa er fordelaktig både for båthamnas plassering i forhold til vêr og vind, og for å gje ein større avstand til naboar på Hosøy.
Kva veit ein om situasjonen for det naturmangfaldet som råkas på kommunenivå, fylkesnivå og på landsbasis?	Det er ikkje kjent at naturmangfald av stor viktighet vert råka.
Manglar ein kunnskap om verkinga (effekten) av planen sin samla belastning for landskap, økosystem, naturtypar og artar? I så fall må § 9 tilleggas stor vekt.	Nei, tilstrekkeleg kunnskap føreligg.

Vurdering etter § 11 Tiltakshavar betaler:

Paragrafen går på at tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. Kostnadar som tiltakshavar kan måtte kome til å måtte dekke for å få tatt nødvendige naturmangfaldsomsyn kan vere:

- At tiltakshavar vert pålagt å betale for å skaffe meir kunnskap om naturmangfald.
- At tiltakshavar vert pålagt å overvake naturtilstanden.
- At tiltakshavar må velje ein meir kostbar og tidkrevjande teknikk, lokalisering eller driftsform.
- At tiltakshavar får gjennomføre tiltaket, men at det vert gjeve pålegg om retting eller avbøtande tiltak som reduserer eller minimerar skadane på naturmangfaldet.

Ein er ikkje kjend med at tiltakshavar må dekke kostnadar knytt til å sikre særskilde naturmangfaldsomsyn.

Vurdering etter § 12 Miljøforsvarlege teknikkar:

Paragrafen går på at for å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gjev dei beste samfunnsmessige resultat.

Det er i planframlegget forsøkt å ivareta dette.

Samla vurdering av naturmangfaldet

Ut frå vurdering etter § 8-12 naturmangfaldslova kan ein ikkje sjå at planforslaget vil ha vesentleg verknad for naturmangfaldet i området. Det er ikkje noko kjend biologisk mangfald i planområdet som har spesiell verdi. Arealet er i stor grad utbygd, og det er ikkje store areal på land som no vert forslått endra. Det er om lag 20 meter frå skjeret til Hosøyvegen, kor det i 2011 vart registrert to makrellterner. Makrellterne er i kategori sterkt trua (EN) i Norsk Raudliste for artar. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil føra til utilsikta konsekvens for fuglelivet på skjeret, då det allereie er trafikk på Hosøyvegen og i Rødlandsosen i dag. I planarbeidet har ein nytta viktige informasjonskjelder som naturbase, artskarta til artsdatbanken.no, nasjonal raudliste og lokale observasjonar av naturmangfald. Det er ikkje avdekka konflikter mellom arealbruksendringane og utvalde naturtypar og prioriterte artar i forslag til forskrift. Endringane er òg vurdert i forhold til naturmangfaldet generelt og registrert kjent lokal kunnskap.

Risikomatriser og akseptkriteria for ROS-analysar som gjeld arealbruk

Vedteke av kommunestyret 14.4.2011

RISIKOMATRISE – arealbruk (LIV OG HELSE)						
N	S5					
Y	S4					
S	S3					
N	S2					
N	S1					
A						
S		K1	K2	K3	K4	
		KONSEKVENNS				

RISIKOMATRISE – arealbruk (MILJØ)						
N	S5					
Y	S4					
S	S3					
N	S2					
N	S1					
A						
S		K1	K2	K3	K4	
		KONSEKVENNS				

RISIKOMATRISE – arealbruk (ØKONOMI)						
N	S5					
Y	S4					
S	S3					
N	S2					
N	S1					
A						
S		K1	K2	K3	K4	
		KONSEKVENNS				

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar
K2 – mindre alvorleg	Få og små personskadar
K3 – betydeleg	Få, men alvorlege personskadar
K4 – alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte
K5 – svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene
K2 – mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbeta etter kort tid
K3 – betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang, eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang
K4 – alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar
K5 – svært alvorleg	Varig, alvorleg skade på miljøet

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000
K2 – mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000
K3 – betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000
K4 – alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000
K5 – svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000

Naturbasert sårbarheit					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær www.met.no					
1	Sterk vind			S4 x K2	Planområdet ligg skjerna, men småbåthamna vil likevel kunne vere sårbar for sterk vind.
2	Store nedbørmengder				Store nedbørmengder kan førekome, men vil i liten grad få konsekvensar i planområdet.
3	Store snømengder				Store snømengder er sjeldan eit problem i dette kystområdet.
4	Anna				
Flaumfare www.nve.no					
5	Flaum i elvar / bekkar				Ikkje aktuelt.
6	Flaum i vassdrag/ innsjøar				Ikkje aktuelt.
7	Overvasshandtering				Ved innsending av rammesøknad skal det leggst ved ei vurdering og skildring om tiltaket har behov for VA-rammeplan.
8	Springflod / stormflod	S3 x K2	S3 x K2	S3 x K3	Kan førekome. 100 års stormflo for Lindås (usikkerhet -20 til +35 cm) er 241 cm (221-276 cm), i år 2100 relativt år 2000. Planeringshøgde for området er låg, då dagens høgde på tilkomst frå Hosøyvegen er på kote 1,26m.
9	Historisk flomnivå				Ikkje kjent.
10	Anna				
Skredfare www.skrednett.no					
11	Kvikkleireskred				Det er ikkje påvist kvikkleire i planområdet.
12	Lausmasseskred				Ingen kjent sone for aktsamheit.
13	Is - og snøskred				Ingen kjent sone for aktsamheit.
14	Steinras, steinsprang				Ingen kjent sone for aktsamheit.
15	Historiske hendingar				Det er ikkje registrert skredhendingar innanfor planområdet.
16	Anna				
Byggegrunn www.ngu.no					
17	Setningar				Ikkje aktuelt
18	Utglidningar				Ikkje aktuelt
19	Radon				Det er ikkje kjent at området er utsett for høge radonverdiar.
20	Anna				
Plante og dyreliv www.dirnat.no					
21	Planter				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
22	Dyr				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
23	Fuglar		S2 x K2		Makrellterne (sterkt trua) registrert om lag 20 m ifrå planområde. 550 m ifrå er makrellterne og fiskemåke (nær trua) registrert. Artane vert ikkje direkte råka.
24	Anna				
Kulturområde www.kulturminnesok.no					

25	Freda kulturminne				Ingen registrert eller påvist.
26	Sefrak-bygg				Ingen registrert eller påvist.

Verksemdbasert sårbarheit					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Brann/eksplosjon					
27	Brannfare	S3 x K2	S3 x K2	S3 x K3	Brann i båtar, kan spreie seg til andre båtar i småbåthamna. Småbåthamna skal ha naudsynt sløkkjereiskap for brann, i høve til gjeldande reglar. Dette skal dokumenterast i søknad om byggeløyve.
28	Eksplsjonsfare	S2 x K3	S2 x K2	S2 x K3	Kan være ein fare i småbåthamn, ved bensinlekkasje og liknande.
29	Anna				
Energitransport					
30	Høgspent				Det går ein luftline aust for planområdet, som ikkje kjem i konflikt.
31	Lågspent				Ikkje aktuelt.
32	Gass				Ikkje aktuelt.
33	Anna				
Forureina vatn					
34	Drikkevasskjelde				Ingen kjent risiko.
35	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og liknande.	S4 x K2	S4 x K2	S4 x K2	Vatnet i området har antatt dårleg kvalitet.
36	Nedbørsfelt				Ingen kjent risiko.
37	Grunnvassnivå				Ingen kjent risiko.
38	Anna				
Forureining - grunn					
39	Kjemikalieutslepp	S4 x K2	S4 x K2	S4 x K2	Kan være ein fare i småbåthamner. Ved innsending av rammesøknad skal det utarbeidast rutinar som sikrar handtering av oljer og anna miljøfarleg avfall.
40	Anna				
Forureining - luft					
41	Støv/partiklar/røyk				Ingen kjent risiko.
42	Støy	S4 x K1			Småbåthamna kan gje noko støy.
43	Lukt				Ingen kjent risiko.
44	Anna				
Friluftsliv og tilgjenge til sjø http://www.hordaland.no					
45	Fri ferdsel langs sjø	S4 x K1	S4 x K1	S4 x K1	Det vert noko meir trafikk på Hosøyvegen som ikkje har eige tilbod til mjuke trafikantar. Vegene er oversiktlige, og det er mogleg for mjuke og harde trafikantar å passera kvarandre midtvegs.
46	Friluftsliv	S4 x K1	S4 x K1	S4 x K1	Nokon båt plassar langs Hosøyvegen må fjernast. Det vert meir båttrafikk i Rødlandsosen, kor det er båttrafikk, men anlegget vil ikkje hindre framkomst. Det er rekreasjons- og bade plassar i området, desse vert ikkje direkte råka.
47	Anna				

Sårbarheit knytt til infrastruktur					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Trafikkfare http://www.vegvesen.no					
48	Trafikkulykker på veg				Ingen kjent risiko i eller i nærleiken av planområdet. Smal veg, men oversiktleg med lite trafikk og forbikøringslomme.
49	Anna				
Forureining					
50	Støv/partiklar				Ingen kjent risiko.
51	Støy				Ingen kjent risiko.
52	Lukt				Ingen kjent risiko.
53	Utslepp/kjemikalier				Ingen kjent risiko, lite trafikk.
54	Anna				
Ulukker på nærliggjande vegar/transportåre http://www.vegvesen.no					
55	Veg	S2 x K2		S2 x K2	Ingen registrerte ulykker på Hosøyvegen.
56	Sjø				Ingen kjent risiko.
57	Luft				Ingen kjent risiko.
58	Anna				

Risikomatrissar - oppsummering

Raud	Medfører uakseptabel risiko. Her skal risikoreducerande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
Gul	ALARP-sone, dvs. tiltak skal gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som mogleg. (ALARP=As Low As Reasonable Practicable). Det vil vera naturleg å legge ei kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av ytterligare risikoreducerande tiltak.
Grøn	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterligare risikoreducerande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut i frå økonomiske og praktiske vurderingar.

RISIKOMATRISSE - arealbruk (LIV OG HELSE)						
SANNSYN	S5	42, 45, 46				
	S4	35, 39, 55				
	S3	8, 27				
	S2		28			
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K4
KONSEKVENS						

RISIKOMATRISSE - arealbruk (MILJØ)						
SANNSYN	S5	45, 46				
	S4	35, 39				
	S3	8, 27				
	S2	23, 28				
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K4
KONSEKVENS						

RISIKOMATRISSE - arealbruk (ØKONOMI)						
SANNSYN	S5	45, 46				
	S4	1, 35, 39, 55				
	S3	8, 27				
	S2		28			
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K4
KONSEKVENS						

Oppsummering ROS-analyse:

Avdekket risiko:

Det er ikkje avdekket scenario i uakseptabel risiko (raud sone). Det er avdekket nokre scenario i gul sone, kor ein skal gjennomføra tiltak for å redusera risikoen så mykje som mogleg.

Planområdet vil kunne vere sårbar for sterk vind. Utbyggjar bør ta omsyn til faren for vindpåkjenningar utanom det normale, ved detaljplanlegging og val av løysingar og materiale, og minimera risikoen der det er mogleg.

Springflod/stormflod kan førekome. Ved nye tiltak skal planlegging og utbygging vurdere avbøtande tiltak slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av høg vasstand. Tilhøve som springflod/stormflod vert varsla i god tid i vêrmeldinga, og tiltak let seg lett setja inn av brukarane av småbåthamna for å redde verdiar.

Det er ein generell fare for brann og eksplosjon i småbåthamnar. Småbåthamna skal ha naudsynt slökkjereiskap for brann, i høve til gjeldande reglar. Dette skal dokumenterast i søknad om byggeløyve.

Vatnet i området har antatt dårleg kvalitet, og det kan vere ein fare for kjemikaleutslepp i småbåthamnar. Ved innsending av rammesøknad skal det utarbeidast rutinar som sikrar handtering av oljer og anna miljøfarleg avfall.

10 MERKNADAR

10.1 SAMLA MERKNADAR

Nr	Avsendar	Dato
	Offentlege instansar	
1	Kystverket	03.12.2015
2	Bergen og omland havnevesen (BOH)	04.01.2016
3	Fylkesmannen i Hordaland	08.01.2016
4	Hordaland fylkeskommune	12.01.2016
5	BKK	18.01.2016

Side | 33

1. Kystverket (03.12.2015):

Utfylling i sjø og utbygging av småbåthamn er søknadspliktige tiltak etter hamne- og farvasslova og det er Bergen og Omland Havnevesen som er myndigheita i dette området. Tiltaka er ikkje venta å røre ved sjøverts ferdsle eller sikkerheit i hovud- eller bilei.

Forslagsstillars kommentar:

Tatt til følgje. Sjå kommentaren til BOH under.

2. Bergen og omland havnevesen (BOH) (04.01.2016):

Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg med areal til alminneleg ferdsel i sjø. Kan på dette stadiet ikkje sjå at planane vil kome i konflikt med dei interessar BOH er satt til å ivareta. Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø, samt andre tiltak som kan påverke sikkerheita eller framkjømda i sjøområdet krev tillating frå BOH. Det er ikkje tilstrekkeleg at tiltaket er vist i planen, og en orientering av denne søknadsplikta bør tas inn i reguleringsføresegna. Søknad må sendast til BOH i god tid før iverksetting av tiltak.

Forslagsstillars kommentar:

Tatt til følgje. Tiltaket hindrar ikkje alminneleg ferdsel i sjø. Det er lagt til ein føresegn som sikrar at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø, samt andre tiltak som kan påverke sikkerheita eller framkjømda i sjøområdet krev tillating frå BOH, samt at søknad må sendast til BOH i god tid før iverksetting av tiltak.

3. Fylkesmannen i Hordaland (08.01.2016):

Er opptatt av at utfyllinga i sjø ikkje vert meir omfattande enn naudsynt. Det bør gjerast ein vurdering om det er naudsynt med heile 75 nye båt plassar i dette området. Færre båt plassar vil redusera behovet for parkering.

Forslagsstillars kommentar:

Tatt til følgje. Småbåthamna kan utarbeidast i to trinn, og ein kan slik forhindra at det vert bygd meir enn naudsynt. Første trinn er 45 båt plassar, med 11-15 tilhøyrande parkeringsplassar. Andre trinn er 30 båt plassar, med 7-10 tilhøyrande parkeringsplassar. Det vil ikkje vere naudsynt å bygga ut alle dei 75 båt plassane og dei 18-25 parkeringsplassane.

4. Hordaland fylkeskommune (12.01.2016):

Har lagt saken fram for Bergen Sjøfartsmuseum, då planen omfattar areal i sjø. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan verta råka av planen. Elles gjer Bergen Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområde finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. Kulturminnelova §14.

Forslagsstillars kommentar:

Tatt til følgje. Dette er sikra gjennom kulturminnelova, og det er ikkje naudsynt med ein eigen føresegn angåande dette.

5. BKK (18.01.2016):

I nærleiken av planområdet går ein 22 kV høgspenningsline i luft over til Hosøy. Dersom planen føresett ein omlegging av eksisterande høgspenningsanlegg, må det settast av plass til nye trassar for desse. BKK vil krevja full kostnadsdekning av dette.

Forslagsstillars kommentar:

Tatt til følgje. Planområdet vil ikkje kome i konflikt med lina.

11 FORSLAGSSTILLER SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planforslaget gjer moglegheit for etablering av ein småbåthamn ved Hosøyvegen. Tiltakshavar Stranda Båtforening ynskjer å etablere ein småbåthamn ettersom bebuarane på strekningen mellom Askelandsvågen og Nesbø har etterspurt hamnemoglegheiter for småbåtar i lang tid.

Småbåthamna er avsett i kommuneplan for Lindås. Ein har gjort ein mindre justering av arealet, ved å legge nokre båtplassar på innsida av småbåthamna mot Hosøyvegen. Slik unngår ein å trekke småbåthamna så langt mot nordvest som ein har moglegheit for i kommuneplanen, og såleis tek ein meir omsyn til hyttenaboane på den nærmaste knausen på Hosøy. Ein slik justering vil kunne gje småbåthamna betre løye for vind og vær. På innsida av Hosøyvegen, på nordsida, er det svært gode tilhøve for eit slikt anlegg. Sjølve veggen dannar ein slags molo mot vest og sør, Hosøy skjermar mot nord og Langholmen og fastlandet skjermar mot aust. Botnforholda er greie med djupna på om lag 8-20 meter.

Det er planlagt ein trinnvis utbygging. Første trinn består av 45 båtplassar og 15 parkeringsplassar, og andre trinn består av 30 båtplassar og 9 parkeringsplassar. Slipp/båtopptrekk kan òg etablerast innanfor området. Ein er avhengig av å fylla ut i sjø for å få etablert parkeringsplassar. Det er planlagt å gjere kaiområdet ope for allmenta. Her skal det blant anna vere sitteplassar, og moglegheit for å etablere gjesteplassar.

Plankonsulenten har god tru på at reguleringsplanen vil gje gode rammer for eit kvalitativt godt anlegg. Planområdet ligg noko skjerna og ikkje i særstør natur. Tiltaket vil difor ikkje verta eit dominerande framandelement i landskapet.

Småbåtanlegget vil fjerne noko av presset det er i dag på å byggje naust og mindre småbåtanlegg i området. For fleire bustadar i området vil småbåthamna vere i gangavstand og såleis kunne redusere behovet for biltrafikk til båtplass.

Hosøyvegen småbåthamn

Detaljregulering:

Gnr. 11, bnr. 135

Lindås kommune

Tiltakshavar:

Stranda Båtforening

Konsulent:

Ard arealplan as

Nygårdsgaten 114

5008 Bergen

+47 55 31 95 00

www.ardarealplan.no

Prosjektleder:

Jan Espen Vik

Utarbeidd av:

Anja Vik

Layout:

Jørgen Håland